



DEN NORSKE KYRKJA

Hareid kyrkje

Postboks 48, 6069 Hareid

Tlf 70 09 51 30

www.hareid.kyrkja.no



STØRST AV ALT

BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

www.kyrkja.no/storstavalt

tru



Frykt ikkje, for eg er med deg, ver
ikkje redd, for eg er din Gud.
Jes.41,10

kjærleik



Kyrkjeleg undervisning og
læring (KUL) vår 2026

“KODE B,- born av Guds regnboge”
Hareid Kyrkjelyd

Velkomen til å ta del på kyrkjeleg undervisning og læring (KUL) for dei som er født i 2015

Vi inviterer til KODE B samlingar på kyrkjelydshuset, i kyrkja og i krinsane etter skuletid.

Vi har 2 fellessamlingar, 1 i krins etter skuletid og karnevalsgudsteneste til slutt.

Her vert det knekking av koder, dans, drama, song, dropskoking, leik, film mm.

På fellessamlingane vil vi ha matpause, husk å meld frå om ev.allergiar.

Alle i kode B gjengen er med og gjer ulike oppgåver.

Siste samling vert det karneval!

Vi har utkledningskle til dei som ikkje har noko sjølv. Det er ein gamal tradisjon å feire karneval i den kristne kyrkje, før fastetida startar for alvor.

NB! På første samlinga skal vi koke drops. Alle får hanskar, men det kan vere lurt å ikkje ha på seg dei finaste kleda, i tilfelle vi sølar litt.



Kva skal vi gjere

- Kode B-film, fire episodar.
- Song av Tore Thomassen med dansebevegelsar
- Bibelforteljingar og reisebrev frå Benjamin
- Aktivitetar (oppgåver, leikar, konkurransar)
- Songar som høver til emna
- Deltakarhefte og skrivesaker får alle

Datoar for samlingane:

Fredag 30.januar kl.17:00-19:30 felles på kyrkjelydshuset

Tirsdag 03.februar kl.14:00-15:30 Bigset bedehus (denne er felles for Brandal og Bigset, vi køyrer t/r med dei frå Brandal skule som vil vere med)

Onsdag 04.febr.Hareid kl.12:15-13:45 på kyrkjelydshuset

Torsdag 05.febr.Hj.våg kl.13:00-14:30 på bedehuset

Laurdag 14.febr. felles i KYRKJA kl.13:00-15:00 førebuing til karneval mm.

Søndag 15.febr.kl.11:00 Karenevalsgudsteneste i kyrkja.

Dersom det er noko vi bør vite for at barnet ditt skal få det betre på samlingane, ber vi deg om å ta kontakt med kyrkjekontoret.

Påmelding innan 29.jan. er viktig slik at vi kan legge best mulig til rette.

SMS til 92 09 01 74

straumpost: kyrkjekontoret@hareid.kommune.no

Påmelding - KUL 11 år

For å gjere det litt enklare for oss å planlegge ber vi om ei tilbakemelding.

Det kan gjerne gjerast på telefon 70 09 51 30 eller SMS 920 90 174.

Det er viktig med påmelding så vi får legge til rette best mulig for alle.

Som foresett vil eg at skal vere med på undervisninga.
☐ Som foresett tillet eg at det kan takast bilete som blir publisert utan namn.

Er det noko vi må vere merksame på / tilrettelegge spesielt for at ditt barn skal ha godt utbytte av samlinga kan de notere det her:

Kontakttelefon

Underskrift foresatt